

Utkast til konsesjonsvilkår for Eidfjord sjøflyhamn, Eidfjorden

1 Konsesjonshavar sitt ansvar

Scandinavian Skies AS (org 816 761 352) er konsesjonshavar og ansvarleg for å driva og ha landingsplassen i samsvar med konsesjonsvedtaket og dei tilhøyrande konsesjonsvilkåra.

Konsesjonshavar er ansvarleg for at konsesjonsvilkåra vert gjort tilgjengelege for brukarar av landingsplassen.

2 Bruk av landingsplassen

Landingsplassen er til privat bruk, og kan berre bli brukt etter løyve frå konsesjonshavaren. Forsvars-, politi-, luftambulans-, søk- og redningsoppdrag er unnatekne frå kravet om løyve.

Landingsplassen kan bli brukt mellom kl. 0800 og kl. 2200 på kvardagar, og mellom kl. 1000 og kl. 2030 på helge- og heilagdagar.

Konsesjonen gjeld eit trafikkomfang på maksimalt 70 flyrørsler per veke. Konsesjonshavaren skal føra logg over talet på flyrørsler på landingsplassen. Dato og tidspunkt for flyginga skal gå fram av loggen. Luftfartsstyresmaktene kan avgjerda at konsesjonshavaren skal senda inn trafikkdata for landingsplassen.

3 Miljøkrav

Konsesjonshavaren har ansvaret for at inn- og utflygingstrasear er utarbeidde i samarbeid med lokale styresmakter. Traseane skal ikkje avvika vesentleg frå dei traseane som følgde med søknaden om konsesjon.

4 Varslingsplikt

Konsesjonshavaren skal varsle luftfartsstyresmaktene om fysiske eller juridiske endringar knytt til landingsplassen, eller større endringar i bruken av landingsplassen, dersom endringa eller endringane er av ein slik karakter at ho eller dei kan ha tyding for vurderinga av vilkåret allmenne omsyn i luftfartslova § 7-6 første ledd. Varslinga må skje i god tid før endringa eller endringane finn stad, slik at luftfartsstyresmaktene kan ta stilling til om endringa eller endringane føreset endra konsesjon.

5 Dispensasjon

Når særlege grunnar tilseier det, kan luftfartsstyresmaktene dispensera frå konsesjonsvilkåra.

6 *Endring, tilbakekall og gebyr for lovbrøt*

Luffartsstyresmaktene kan endre konsesjonsvilkåra i konsesjonsperioden.

Konsesjonen kan bli kalla tilbake dersom konsesjonsvilkår, lovføresegner eller forskrifter som gjeld for konsesjonshavaren si verksemd, på vesentleg måte blir brotne under utøvinga av verksemda. Det same gjelder dersom konsesjonshavaren bryt føresegner i gjeldande arealplan for det området der landingsplassen ligg.

Luffartsstyresmaktene kan gje pålegg om gebyr for lovbrøt (overtredelsesgebyr) til statskassa til den som driv eller har landingsplassen i strid med konsesjonsvilkåra.

Luffartstilsynet